



Ulvanoso på Topp ti lista i magasinet Klatring.

**Magasinet Klatring har i siste nummer ein artikkel om tilrådte fjell for klartring. Ulvanoso er på Topp ti lista med ein informativ artikkel om kvifor dette fjellet er eit av ti fjellklatrarområde i landet. I jevne mellomrom vert det skrive om Ulvanoso i magasinet Klatring. Ein slik artikkel vil alltid ha stor marknadsføringsverdi for Kvinnherad og Uskedalen.**



Frå kurs- og fjellklatrarsamlinga i 2016.

'Hadde Uskedalen ligget i Yosemite, ville alle rutene vært klassikere'. Dette vert sagt av klatrarar frå Bergen. Yosemite er nemleg tradedestinasjonen for tida. I artikkelen vert Ulvanoso skildra med bombefaste granittvegger, klockereine riss og nydeleg natur ii ein vakker dal på Vestlandet.

Det føreligg ny klatreførarar med over 50 storveggruter. Rutene har moderat lengde med rundt 8 taulengder. Plassen eignar seg godt til feireklatring for den gjengse klartrar. For meir tøffer klatrarar er det ruter med 15 taulengdr på 7+. For den som har ein draum om sol, høge fjell og rasling med naturleg sikring, ja, då er Ulvanoso den rette plassen.

De kan lesa artikkelen i [klatring.no](http://klatring.no) [HER](#). Uskedalen er det første som de finn i artikkelen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå magasinet Klatring